



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

18.05.2021

Vår ref:

2021/6418

Dykkar dato:

22.04.2021

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til dispensasjon for flytebryggje, treplattning og gapahuk - Alver - 135/1 - Solholmen

Vi viser til brev frå kommunen datert 22.04.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå plan- og bygningslova § 1-8 og planføremålet LNF i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen. Vi forstår det slik at dispensasjonen gjeld for legalisering av etablert flytebryggje, treplattning og gapahuk.

Det er i saka frå tidlegare gitt mellombels dispensasjon frå desse forholda for å drive selskapslokale. Mellombels dispensasjon vart gjeve på vilkår av at det vart utarbeida reguleringsplan for området. Denne vart aldri satt i gong, og mellombels dispensasjon gjekk ut i våren 2020. Det vert no søkt om dispensasjon for dei same tiltaka, for fritidsbustad.

Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Tiltaka ligg i både LNF-formål og i strandsona. Slik vi forstår saka er tiltaka ført opp etter fleire midlertidige dispensasjonar der hovudformålet var å drive næring. Dei midlertidige dispensasjonane for oppføring av tiltaka er gått ut og ein ønsker no å nytte eigedomen som fritidseigedom. Vi vurderer at tiltaka då må vurderast som om dei ikkje allereie var oppført, fordi dei midlertidige dispensasjonane ikkje lenger gjeld. Vurderingane vil også vere annleis for tiltak på ein privat fritidseigedom.



Vi vurderer Solholmen til å i stor grad vere nedbygd og privatisert. Vi vil likevel minne om at Solholmen ligg i sone 2 i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona, der det skal svært mye til for å gje dispensasjon frå byggeforbodet. Området ligg også i den indre farleia som er regna som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Oppleving av landskap er ein sentral verdi i området.

Vi kan ikkje sjå at det er oppgitt storleik på tiltaka. Tiltaka bør ikkje vere større enn det ny bruk som fritidsbustad tilseier er naudsynt. Flytebrygga ser i utgangspunktet unødig stor ut til bruk for ein fritidsbustad. Treplatting i forkant av sjøbuene er også stor og privatiserande. Sjølv om det vil vere unaturleg for folk å gå i land på holmen vil ein treplatting framfor sjøbuene føre til ein større privat sone ut i sjøen.



Statsforvaltaren meiner at særleg treplattingen utanfor sjøbuene vil vere negativ for strandsoneinteresser som friluftsliv og landskap, og vi rår difor ifrå dispensasjon for denne. Vi meiner også at flytebrygga ikkje bør vere større enn det som er naudsynt for ein fritidsbustad.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Statsforvaltaren for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN



Side: 3/3